

Saksbehandlar: Astrid Lernes, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/1276-24

**Budsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022**

**Finansutvalet rår hovudutvala til å gje slik tilråding:  
Hovudutvala rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Dokumentet "Budsjett 2019/økonomiplan 2019-22" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2019-22. Dette inkluderer investeringsprogrammet for bygg, slik det ligg føre i vedlegg 1.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet "Budsjett 2019/økonomiplan 2019-22".
3. Driftsbudsjettet for 2019 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B slik:

<b>1 A (tal i mill. kr)</b>	<b>Budsjett 2019</b>
Skatt på inntekt og formue	651,100
Ordinært rammetilskot	1711,723
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	54,356
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>2417,179</b>
Renteinntekter og utbytte	41,340
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	55,000
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	89,150
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-102,810</b>
Til dekking av tidlegare reknsk.m. meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	51,000
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reknsk.m. mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	86,728
Bruk av bundne avsettingar	17,221
<b>Netto avsettingar</b>	<b>52,949</b>
Overført til investeringsbudsjettet	2,600

Til fordeling drift	2364,718
<b>Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)</b>	<b>2364,718</b>
<b>Meir/mindreforbruk</b>	<b>0,000</b>

<b>1B (tal i mill. kr)</b>		
	<b>PROGRAMOMRÅDE</b>	<b>Budsjett 2019</b>
<b>400</b>	POLITISK STYRING	52,318
<b>410</b>	KONTROLL OG REVISJON	4,963
<b>420</b>	ADMINISTRASJON	85,279
<b>421</b>	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORVALTNINGA	14,491
<b>430</b>	ADMINISTRASJONSLOKALE	7,259
<b>460</b>	TENESTER UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	30,897
<b>480</b>	DIVERSE FELLESUTGIFTER	7,745
<b>715</b>	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	18,963
	<b>SUM FORVALTNING</b>	<b>221,915</b>
<b>510</b>	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	99,064
<b>515</b>	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	64,590
<b>520</b>	PEDAGOGISK LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	104,764
<b>521-533</b>	UTDANNINGSPROGRAMMA	354,314
<b>554</b>	FAGSKULE	9,744
<b>559</b>	LANDSLINER	5,645
<b>561</b>	OPPFLG. TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	19,534
<b>562</b>	TILPASSA OPPLÆRING	68,040
<b>570</b>	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	125,521
<b>581</b>	VAKSENOPPL. ETTER OPPLÆRINGSLOVA	15,310
<b>590</b>	ANDRE FØREMÅL	11,292
	<b>SUM OPPLÆRING</b>	<b>877,818</b>
<b>660</b>	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	17,582
<b>665</b>	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	66,604
	<b>SUM TANNHELSE</b>	<b>84,186</b>
<b>701</b>	TILRETTEL./STØTTEF./FIN. BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	73,362
<b>716</b>	FRILUFTSLIV, VASSREG., FORV. AV VILT OG INNLANDSFISK	2,099
<b>740</b>	BIBLIOTEK	5,988
<b>750</b>	KULTURMINNEFORVALTNING	13,765
<b>760</b>	MUSEUM	16,575
<b>771</b>	KUNSTFORMIDLING	10,997
<b>772</b>	KUNSTPRODUKSJON	12,428
<b>775</b>	IDRETT	2,890
<b>790</b>	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,179
	<b>SUM NÆRING og KULTUR</b>	<b>146,283</b>
<b>722</b>	FYLKESVEGAR	577,747
<b>730</b>	BILRUTER	256,270
<b>731</b>	FYLKESVEGFERJER	144,685
<b>732</b>	BÅTRUTER	127,638

<b>733</b>	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,176
	<b>SUM SAMFERDSLE</b>	<b>1116,516</b>
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-82,000
	<b>TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A</b>	<b>2364,718</b>

4. Kapitalbudsjettet for 2019 og tilhørende økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2019:

<b>2A, tal i mill. kr</b>	<b>Budsjett 2019</b>
Investeringar i anleggsmidlar	881,640
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,600
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekkka	0,000
Avsettingar	0,000
<b>Finansieringsbehov innværande år</b>	<b>884,240</b>
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	178,200
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	201,100
Kompensasjon for meirverdiavgift	154,900
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	11,600
Andre inntekter	0,000
Sum ekstern finansiering	545,800
Overført frå driftsbudsjettet	2,600
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsetningar	335,840
<b>Sum finansiering</b>	<b>884,240</b>
<b>Udekkka/udisponert</b>	<b>0,000</b>

<b>2B, tal i mill. kr</b>	<b>Budsjett 2019</b>
Forvaltning og fellesutgifter	18,040
Opplæring	337,400
Tannhelse	7,000
Samferdsle	514,900
Kultur	4,300
<b>Sum fordelt - frå 2A</b>	<b>881,640</b>

5. Økonomiplanen sine rammer for 2020-22 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for fellesnemnda sitt arbeid med neste års budsjett og økonomiplan.

6. Det skal fremjast eigne saker for følgjande investeringsprosjekt til fylkestinget i april 2019:

- Nye Førde vidaregåande skule med fokus på:
  - endeleg vedtak kring sal av Hafstad vidaregåande skule

- endeleg stadfesting av investeringsprosjektet
- avklaring om Fagskulen i Sogn og Fjordane, avd. Førde, skal vere ein del av denne investeringa.
- Sogndal vidaregåande skule, avd. Kaupanger inkl. Vitensenter, med fokus på:
  - godkjenning av avtale med Vitensenteret
  - endeleg godkjenning av samla prosjekt
  - rekkjefølgjekrav og ev. atterhald i høve vidare framdrift i prosjektet.

Innsparingar/meirinntekter i driftsbudsjettet som følgje av investeringsprosjekta vert først innarbeidd etter endelege prosjektvedtak i fylkestinget i april 2019.

#### **Vedlegg:**

1. Investerings- og finansieringsprogram for bygg
2. Finansutvalet sitt framlegg til Budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022
3. Saksframlegg og protokoll frå KU-sak 41/18

#### **Andre relevante dokument i saka:**

- Arbeidsdokument 1/18-4/18
- Saksframlegg og protokoll frå FT-sak 31/18

## **SAKSFRAMSTILLING**

Finansutvalet la 2.november fram sitt framlegg til budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022. Dette dannar grunnlaget for den vidare politiske slutthandsaminga.

Framlegget er basert på finansutvalet si handsaming av arbeidsdokumenta 3/18-4/18. Desse er tilgjengelege på fylkeskommunen si heimeside, sfj.no, under politiske saker. Framlegget frå finansutvalet var ikkje saldert, og det var ikkje trekt endelege konklusjonar på byggsida. I dette saksframlegget kjem fylkesrådmannen med sine tilrådingar på desse punkta.

### **1. INVESTERINGAR PÅ BYGG**

I arbeidsdokument 4/18 vedtok finansutvalet følgjande i høve investeringsbudsjettet:

*«I saka som vert fremja for hovudutvala, FU og FT, må fylkesrådmannen kome tilbake med justerte kostnadsoverslag og framdriftsplanar for Mo/Øyrane-verkstadbygg, Mo/Øyrane-ridehall, Måløy blokk A og D, Vitensenteret og nye Førde vidaregåande skule. For alle desse er det føresett løyvingar i 2019. Naudsynt tilleggsfinansiering bør ein vurdere å få på plass ved å skyve byggprosjekt - som uansett ikkje er ført opp med løyvingar i 2019 - noko ut i tid.»*

Innleiingsvis vil fylkesrådmannen gjere kort greie for føresetnadane i to prosjekt som ikkje inngår i finansutvalet si opplisting, og som ikkje er spesifisert i gjeldande budsjett/økonomiplan; Gulatinget og Mo og Øyrane internat. Presiseringane/informasjonen i desse prosjekta har førebels ikkje salderingsmessig innverknad på budsjett 2019/økonomiplan 2019-22.

Deretter gjev fylkesrådmannen si vurdering og tilråding i høve i finansutvalet sitt vedtak/bestilling.

#### **Gulatinget**

Prosjektet gjeld nytt visningssenter for Gulatinget i Gulen. Prosjektet har i perioden 2011-2013 vore gjennom ein arkitektkonkurrans og eit skisseprosjekt. Det vert i 2019 arbeidd vidare med forprosjekt som skal danne grunnlag for finansiering og søknad om statleg medfinansiering i prosjektet. Bruttokostnaden for prosjektet er rekna til 75 mill. kr. Det er føresett at Gulen kommune og staten skal finansiere kvar sin tredjedel. I tillegg er det rekna at fylkeskommunen får mva. refusjon knytt til sin del av investeringa.

#### **Mo og Øyrane internat**

Prosjektet omfattar rehabilitering av internat og fellesbygg, som er frå 1969. Bygga har hatt eit relativt bra vedlikehald, men teknisk er anlegga for sanitær, ventilasjon og varme heilt nedslite. Det trengst ei vurdering av energiltak og på det tryggleiksmessige, ei oppgradering av el. og brannalarmanlegga. Vidare må betra universell utforming vurderast, i tillegg til generell oppussing av overflater, kjøkken, matsal, internatromma, etc.

Prosjektet er relativt omfattande og fylkesrådmannen vil i løpet av 2019 gjennomføre ei nærare analyse av tilstand slik at ein gjennom eit etterfølgjande forprosjekt same år kan tilrå tiltak og

kalkulere prosjektet meir detaljert. Det er lagt opp til ei kostnadsramme på 71,5 mill. kr i 2019-kr for prosjektet, med planlagt fysisk oppstart i 2020.

### **Oppfølging av finansutvalet si «bestilling»**

I budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021 vedtok fylkestinget ei liste med nye prosjekt, inkl. sjablongmessige kostnadsoverslag basert på erfaringstal og estimat, som det skulle startast planlegging på. Arbeidet med avklaringar og planlegging har gått for fullt i løpet av 2018. Det er viktig å understreke at når prosjekta vart lagt inn i budsjett/økonomiplanen, var dei fleste på eit tidleg utgreiingsstadium. Vidare er det framleis nokre usikre føresetnader som står att for fleire av desse prosjekta.

#### Ridehall på Mo

Prosjektet har vore ute på anbod og marknaden har respondert. Anboda viser at prosjektet totalt vil krevje ei auka løyving på om lag 8-9 mill. kr om det skal kontraherast i si noverande form. Fylkesrådmannen har vurdert å lyse ut anbodet på nytt med reduserte spesifikasjonskrav for hallen, men er komen til at innsparingane ein ev. kan oppnå med dette, ikkje står i forhold til kostnader knytt til vidare prosess og tidsbruk. Fylkesrådmannen tilrår difor at kostnadsramma for prosjektet vert auka til 27 mill. kr og at bygginga vert starta opp i 2019.

#### Mo og øyrane – nytt verkstadbygg på Mo

Prosjektet er midt i programmeringsfasen der alle funksjonar, areal og sambrukseffektar vert vurdert i samråd med skulen. Arbeidet viser at den tidlegare sette arealramma ikkje vil halde, og at det må takast høgde for noko meir usikkerheit i kostnadsoverslaget. Vedteken kostnadsramme for investeringsprosjektet er 50,550 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår å auke kostnadsoverslaget til 60 mill. kr. I tillegg til arealutfordringa tek påslaget høgde for ekstra rivings-, tomte- og infrastrukturkostnader.

Fylkesrådmannen legg opp til at 60 mill. kr vert sett som øvre kostnadsramme for prosjektet, og at den vidare planlegginga må finne den mest optimale løysinga innanfor denne ramma.

#### Nye Førde vidaregåande skule

Prosjektet er i ein omfattande programmeringsfase der alle funksjonar, areal og sambrukseffektar vert gjennomgått av eksterne programmeringsarkitektar saman med skulen/brukarane. Førebelse signal i høve arealramme og gjennomgang av naudsynt ombygging og tilpassing av eksisterande skule, viser at kostnadsramma må aukast i høve estimert investeringsnivå i budsjett 2018/økonomiplan 2018-21.

I gjeldande økonomiplan er det lagt til grunn ei bruttoinvestering på 580 mill. 2018-kr, tilsvarande omlag 600 mill. kr 2019-kr.

I dei innleiande vurderingane har det vore arbeid med overordna arealvurderingar og fokus på å samle skulane i Førde. Dette vil gi positive verknadar knytt til å samle det pedagogiske personalet, kvaliteten på opplæringa, styrking av støttefunksjonar og elevtenester, færre leigeavtalar mm. Når ein no er i prosess og gjer meir detaljerte vurderingar kring arealbruk, logistikk, sambruk og krav til dei einskilde utdanningsprogramma, er ein i stand til å gjere mykje meir detaljerte vurderingar på desse områda.

#### *Auka kostnadsoverslag*

Det vert lagt ned eit omfattande arbeid i å utvikle eit godt, arealeffektivt og framtidsretta opplæringscenter på Øyrane. Nokre grunnleggande moment har endra seg vesentleg i høve det som var estimert hausten 2017:

##### 1. Arealbehov, organisering og tomtediskonering

Areal- og tomteanalysane viser at det er behov for noko meir ombygging og riving av eksisterande bygningsmasse på Øyrane for å kunne utnytte bygningane og tomte optimalt. Det er vidare lagt opp til ei «baseløysing» for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Ved å samle utdanningsprogramma for elektro (EL), teknisk- og industriell produksjon (TIP) og deler av bygg- og anleggsteknikk (BA), vil ein kunne nytte areal og utstyr meir fleksibelt enn i dag. Dette vil i større grad møte næringslivet sitt behov og gjere det lettare å tilpasse opplæringstilbodet til både søking og etterspurnaden i arbeidsmarknaden. Det er knytt noko meirkostnad til dette, men samstundes er det arealeffektivt og legg til rette for ei framtidsretta opplæring og sambruk mellom utdanningsprogramma.

##### 2. Areal til vaksenopplæring

Dimensjoneringa er justert på nokre utdanningsprogram. Arealberekninga i fjor haust tok m.a. ikkje høgde for areal til vaksenopplæring. Dette utgjør pr. i dag 130 elevar ved skulen. Dette er no teke inn i arealprogrammet og kostnadsoverslaget.

### 3. Utdanningsprogrammet for bygg- og anlegg på Øyrane

I skulebruksplanen ligg det til grunn at utdanningsprogrammet knytt til bygg og anlegg skulle flyttast til avdelinga på Mo. Vg2 anleggsteknikk var flytta og fekk tilfredsstillande areal på Mo. I FT-sak 32/14 vart det vedteke å utsetje ei vidare flytting og investering. Ei slik løysing er ikkje tidlegare utgreidd i høve arealbehov og kostnader.

Fylkesrådmannen tilrår no at lokale til utdanningsprogrammet knytt til bygg og anlegg, med unntak av programområdet anleggsteknikk, vert løyst som ein del av den nye skulen på Øyrane. Av denne løysinga oppnår ein betre moglegheiter for sambruk, kompetanseutveksling og pedagogisk utvikling mellom dei yrkesfaglege utdanningsprogramma, samstundes som det er den mest økonomiske løysinga.

Alternativt må ei investering for heile utdanningsprogrammet løysast på Mo, jf. skulebruksplanvedtaket, noko som er kostnadsrekna til å utgjere mellom 60 og 70 mill. kr. Løysinga med å legge utdanningsprogrammet bygg og anlegg til skulesenteret på Øyrane er kalkulert til vel 30 mill. kr, og vert såleis om lag 30-40 mill. kr rimelegare enn alternativet på Mo.

Fylkesrådmannen tilrår no å auke den samla kostnadsramma med 140 mill. kr til 720 mill. kr. Endringane kring arealrammene i eksisterande prosjekt utgjør om lag 85-90 mill. kr av denne auken. Det vert også tilrådd at ein løysar utdanningsprogrammet bygg og anlegg på Øyrane som ein del av dette prosjektet. Dette utgjør omlag 30-35 mill. kr. Det endelege rom- og funksjons-programmet vert lagt fram for vedtak i hovudutval for opplæring i februar/mars 2019.

#### *Ev. rekkefølgjekrav i område- og reguleringsplanarbeidet*

Fylkesrådmannen vil gjere merksam på at ev. rekkefølgjekrav som kan komme når områdeplan for Førde kommune er vedteken, kan utfordre investeringa på Øyrane ytterlegare. Rekkefølge-kostnader er krav som vert sette til infrastrukturen rundt som følgje av den nye investeringa. Døme på aktuelle rekkefølgjekrav er m.a. knytt til opparbeiding av gater, fortau, gangveg, sykkel-veg, leikeareal, grøntareal, park, torg, m.m. Områdeplanen er no ute på høyring. Fylkesrådmannen kjem attende til eventuelle krav når planen er vedteken.

#### *Vidare prosess før endeleg vedtak*

Fylkesrådmannen tilrår at prosjektet vert lagt inn i investeringsprogrammet med spesifisert framdriftsplan. Vidare vert det lagt opp til at fylkesrådmannen kjem attende med ei eiga sak i høve prosjektet til FT i april 2019. Denne saka vil omfatte endeleg vedtak kring sal av Hafstad vidaregåande skule, og ei endeleg stadfesting av investeringsprosjektet for nye Førde vidaregåande skule. Det må då også avklarast om Fagskulen i Sogn og Fjordane, avd. Førde, skal vere ein del av denne investeringa.

#### Sogndal vgs Kaupanger inkl. Vitensenter

Programarbeidet i prosjektet er inne i sluttfasen. Vitensenteret har gjennom eigne arkitektar fremja forslag til eit arealprogram som vesentleg overstig det som ligg til grunn i budsjett 2018/økonomiplan 2018-21. Bakgrunn for auke i areal ligg m.a. i at staten stiller krav til storleik og hensiktsmessig arealdisponering for å yte driftstilskot til prosjektet. Erfaring frå andre Viten-senter er henta inn i denne prosessen. Det er også avdekka nokre endringar kring fellesbruk og tomtedisponering på skuledelen, men dette har ikkje påverka kostnadane vesentleg i høve tidlegare estimat.

Avdekka endringar knytt til heile prosjektet medfører meirkostnader i storleiksorden 55 mill. kr. Dette tilseier eit nytt estimert kostnadsoverslag på 140 mill. kr.

Samstundes med romprogramarbeidet har det vore forhandla med Vitensenteret om auka husleige knytt til auken i areal. Det er funne rom for å auke husleiga med om lag 1,6 mill. kr til 2,7 mill. kr årleg. Denne auken vil kunne dekke kapitalutgiftene for eit auka låneopptak på 28 mill. kr. Resterande beløp må finansierast ved å auke det fylkeskommunale tilskotet til prosjektet. Det er føresett at Vitensenteret si verksemd gjer at fylkeskommunen får refundert meirverdiavgift ved investeringa.

Fylkesrådmannen tilrår å auke kostnadsoverslaget til prosjektet samla til 140 mill. kr. Dette inneber at det fylkeskommunale «nettobidraget» til prosjektet aukar med 17 mill. kr. Fylkesrådmannen legg opp til at prosjektet vert endeleg godkjent av FT i april 2019. Det skal då føreligge ein leigeavtale med Vitensenteret basert på dei nye føresetnadane.

Det er vidare knytt stor uvisse til avkøyrse frå riksvegen til skulen og Vitensenteret, og Statens vegvesen har signalisert at det kan bli krav om at vi må finansiere ei ny eller forbetra avkøyrse-løysing. Det er starta ein reguleringsprosess som venteleg vil avklare dette og ev. andre rekkefølgjekrav. Det er førebels ikkje grunnlag for å ta høgde for dette i kostnadsramma. Fylkesrådmannen legg opp til at det vert teke atterhald om at ev. ny avkøyring/rekkefølgjekrav vert løyst innanfor rimelege vilkår.

#### Måløy blokk A (administrasjon) og D (maritim)

Programarbeidet er no starta opp, og førebelse kartleggingar syner at det må gjerast meir radikale grep enn tidlegare føresett for å støtte sentrale funksjonar ved skulen. I budsjett 2018/ økonomiplan 2018-21 er det lagt til grunn eit estimat på 45 mill. kr til å dekke rehabilitering av A-blokka, og noko nye areal til den maritime delen (D-blokka). Programarbeidet viser at det er ynskjeleg å gjere fleire funksjonsendringar for å skape eit betre skulemiljø og ein meir heilskapleg bygningsmasse. Meirkostnadane med desse funksjonsendringane er førebelse, og svært grovt stipulert til på mellom 15 og 25 mill. kr.

Fylkesrådmannen si vurdering er at opphavleg planlagt rehabilitering av eksisterande bygg kan løysast innanfor gjeldande kostnadsramme, men at det er behov for å løyse ein del framtidige behov for skulen (auka behov for maritim del, fagskulen og fellesareal). Fylkesrådmannen tilrår difor at kostnadsoverslaget vert auka med 20 mill. kr og at desse behova vert løyste samstundes med rehabiliteringa. Om det vidare programarbeidet viser at prosjektet ikkje kan løysast innafør denne ramma, vil fylkesrådmannen legge fram ei eiga sak med grunngjeving for dette til fylkestinget i april 2019.

Fylkesrådmannen tilrår at kostnadsramma vert auka frå 45 mill. kr til 65 mill. kr. Av denne auken utgjer omrekning frå 2018-kr til 2019-kr 1,3 mill. kr.

#### Oppsummering

I tabellen under oppsummerer fylkesrådmannen tilrådde endringar i kostnadsoverslag og viser kva utslag tilrådde endringar får for den fylkeskommunale nettoinvesteringa:

Prosjekt	Sum bruttoinvestering	Anna finansiering	Netto investering	Sum bruttoinvestering	Anna finansiering	Netto investering
<b>Spesifiserte prosjekt</b>	<b>Kostnadsoverslag per a-dok 4/18</b>			<b>Kostnadsoverslag november 2018</b>		
<b>Mo og Øyrane vgs – ridehall</b>	18	4	<b>14</b>	27	5	<b>22</b>
<b>Mo og Øyrane – verkstadbygg</b>	51	10	<b>41</b>	60	12	<b>48</b>
<b>Prosjekt som vert spesifiserte no</b>	<b>Kostnadsoverslag budsjett 2018/øk plan 2018-21</b>			<b>Kostnadsoverslag november 2018</b>		
<b>Førde vgs</b>	Bruttoinvestering på 580 mill. kr			Bruttoinvestering på 720 mill. kr		
Øyrane vgs - naudsynt investering utan ny Førde vgs	100	20	<b>80</b>	100	20	<b>80</b>
Hafstad vgs - naudsynt investering utan ny Førde vgs	45	9	<b>36</b>	45	9	<b>36</b>
Ny tannhelseklinikk i Førde - naudsynt investering utan ny Førde vgs	30	6	<b>24</b>	30	6	<b>24</b>
Avd Mo - naudsynt investering bygg-fag utan ny Førde vgs				64	13	<b>51</b>
Tillegg for "Nye Førde vgs"	405	382	<b>23</b>	481	397	<b>84</b>
<b>Sogndal vgs avd Kaupanger inkl. Vitensenter</b>	85	37	<b>48</b>	140	75	<b>65</b>
<b>Måløy vgs - blokk A og D</b>	45	9	<b>36</b>	65	13	<b>52</b>

## Finansiering av auka kostnadsoverslag

Prisomrekning frå 2018 til 2019-kr utgjer samla 20 mill. kr for prosjekta Førde vidaregåande skule, Sogndal vgs inkl. Vitensenter og Måløy blokk A og D.

I budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021 er det lagt opp til å nytte 650 mill. kr i fondsmidlar til nye prosjekt på bygg. Låneopptak utover dette, er føresett finansiert av innsparingar og andre inntekter. Fylkesrådmannen legg no opp til å nytte deler av renteinntektene knytt til ubrukte fondsmidlar til å dekke inn deler av prisveksten. Disponible fondsmidlar vert auka tilsvarande.

Det er lagt opp til at desse prosjekta ikkje skal utfordre fylkeskommunen på auka kapitalutgifter i driftsbudsjettet. Fylkesrådmannen ser at det ikkje er rom for å auke kapitalutgiftene i driftsbudsjettet no, og vil difor legge opp til at det auka finansieringsbehovet som vert presentert for prosjekta over, vert løyst med å redusere løyvinga til prosjekta som er føresett planlagde seinare. Dette medfører at desse prosjekta vert skyvd ut i tid, og må gjennomførast innanfor ein lægre finansieringspott. Planleggingsmidlane i 2019 til dei prosjekta som ikkje er spesifisert enno vert fordelt på prosjekt i løpet av 1. halvår 2019.

For nokre av investeringane som er spesifiserte over er det som nemnt lagt til grunn innsparingar i drift, auka leigeinntekter osv. Desse endringane vert først innarbeidd i driftsbudsjettet ved føresett endeleg vedtak for prosjekta i april 2019. Spesifiseringane av investeringsprosjekta har medført mindre forskyvingar i samla investeringsnivå i perioden, sett i høve arbeidsdokument 4/18. Samla investeringsprogram for bygg med tilhøyrande finansieringsprogram ligg i [vedlegg 1](#).

## 2. SALDERING ETTER FINANSUTVALET SITT MØTE 2.NOVEMBER 2018

Finansutvalet vedtok å vidareføre investeringsprosjektet Fv. 614 Svelgen-Indrehus som føresett i regional transportplan. I samband med dette vedtok dei følgjande: «Ein ber fylkesrådmannen koma tilbake med salderingsløyving for kapitalkostnadar».

Kapitalkostnadane og ny salderingsutfordring for åra 2020-2022 knytt til dette er vist i tabellen nedanfor.

	2019	2020	2021	2022
<b>Utg.pkt: Balansert økonomiplan</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>
Reversering av sluttsaldering 2020-2022		43,9	58,2	91,2
Kapitalutgifter Svelgen - Indrehus		0,7	7,9	21,1
Auka kapitalutgifter - prisjustering 2019-kr		0,0	0,2	0,5
<b>Salderingsutfordring</b>	<b>0,0</b>	<b>44,6</b>	<b>66,3</b>	<b>112,8</b>

Når finansutvalet vedtok at prosjektet Svelgen-Indrehus skulle innarbeidast i budsjettframlegget vert driftskonsekvensane, dvs. kapitalutgiftene, noko høgre enn dei kapitalutgiftene som fylkesrådmannen tok ut i arbeidsdokument 4/18. Dette skuldast at løyvinga til prosjektet no er omrekna til 2019-kr. Auken i prosjektløyvinga knytt til endring av kroneverdi må også låne-finansierast og kapitalutgiftene vert auka som følgje av dette.

Salderingsutfordringa for åra 2020-22 vert no auka med samla 30,4 mill. kr. Fylkesrådmannen vil understreke at denne auken i kapitalkostnadar berre omfattar deler av investeringa og at det kostnadsoverslaget som ligg til grunn for utrekningane truleg ikkje er tilstrekkeleg til å løyse prosjektet, jf. framlegging av nye førebelse tal frå Statens vegvesen i arbeidsdokument 4/18.

### Salderingsløyving

I utgangspunktet ser fylkesrådmannen tre aktuelle salderingsløyvingar:

- Innsparingskrav på sektorbudsjetta
- Bruk av fondsmidlar som er avsett til kjøp av nytt opplæringsfartøy
- Ytterlegare bruk av bufferfondet.

Så langt i budsjett/økonomiplanprosessen har det ikkje vore vurdert å legge inn innsparingskrav i sektorrammene for å få balanse i driftsbudsjettet. Bakgrunnen for dette har vore den pågåande samanslåingsprosessen med Hordaland fylkeskommune og stor uvisse knytt til framtidig organisering og økonomiske rammeføresetnader.



Dei to andre alternativa er bruk av to ulike fondskjelder. Begge alternativa er kortsiktige løysingar der ein finansierer varige driftsutgifter med eingongsinntekter. Fylkesrådmannen har konsentrert seg om året 2019, sidan dette er siste året som sjølvstendig fylkeskommune. Det har vore viktig å ha fokus på å få starte opp/gjennomføre dei mest aktuelle prosjekta dette året. Fylkesrådmannen meiner difor at det kan forsvarast å saldere økonomiplanen med fondsmidlar i denne prosessen. Så vil den samla økonomiske situasjonen i Vestland fylkeskommune avgjere i kva grad planlagde investeringsprosjekt etter 2019 vert utsett for nye vurderingar av Vestland fylkesting.

Når det gjeld bruken av dei to fonda, har fylkesrådmannen oppfatta at det er stor politisk semje om at det skal investerast i nytt opplæringsfartøy. Slik det no er tilrådd å finansiere kjøp av nytt opplæringsfartøy, jf. sak om nytt opplæringsfartøy som vert handsama parallelt med denne saka, har vi nytta avsette fondsmidlar til dette. Viss noko av fondsmidlane skal nyttast til saldering må dette beløpet erstattast med låneopptak. Låneopptak vil igjen føre til auka kapitalkostnader som igjen må dekkast inn.

Ut frå dette står vi att med bufferfondet som finansieringskjelde. Handlingsreglane for fondet tilseier m.a. at minimumsnivået er sett til 70 mill. kr. Etter sluttsaldering av budsjettframlegget vert nivået på bufferfondet på om lag 61 mill. kr ved utgangen av 2019, dvs. under minimums-nivået. Fylkesrådmannen vil understreke at å bryte handlingsreglane ikkje er ønskjeleg, men dette vert gjort som ei midlertidig løysing for å kome i mål med salderinga. Det er denne løysinga som no er innarbeidd i framlegg til budsjett/økonomiplan.

I arbeidsdokument 4/18 var salderingsutfordringa i økonomiplanen også løyst ved bruk av bufferfondet. Fylkesrådmannen vil her gjenta sin kommentar til denne salderingstilnærminga:

*«Det vert vidare lagt opp til at ubalansen i planperioden i si heilheit vert dekkja med midlar frå bufferfondet. Det er ikkje ei berekraftig løysing å finansiere varige kostnader med eingongsinntekter. Økonomiplanen vil difor utfordre oss på å finne varige utgiftsreducerande tiltak for å finansiere den årlege ubalansen i komande planperiode.»*

*Frå neste år startar arbeidet med å sy saman budsjett- og økonomiplanane for Hordaland fylkeskommune (HFK) og Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) til ein felles budsjett- og økonomiplan for Nye Vestland fylkeskommune. Vi vil i samband med dette også få nytt inntektssystem og innlemming av nye oppgåver som kan gje økonomiske utfordringar utover dei vi ser i dag. Dette, kombinert med at HFK også har relativt store økonomiske utfordringar, gjev eit krevjande utgangspunkt for budsjett- og økonomiplanarbeidet vi skal starte opp i 2019.*

*Med bakgrunn i dette vil fylkesrådmannen på det sterkaste åtvare mot å auke sektor-budsjetta med nye varige tiltak i slutthandsaminga av budsjettet og såleis auke utfordringane ytterlegare.»*

Det må elles arbeidast aktivt for å tilføre bufferfondet midlar slik at fondet kjem opp i fastsett minimumsnivå igjen.

### 3. FINANSIELLE MÅLTAL

I forslaget til ny kommunelov vert det føreslege å lovfeste at kommunar/fylkeskommunar skal fastsetje finansielle måltal som rettesnor for budsjett-/økonomiplanarbeidet. Det vert lagt til grunn at lova, for økonomiforvaltninga, skal tre i kraft frå 01.01.2020.

I budsjett for 2018/økonomiplan 2018–2021 vart følgjande finansielle måltal presentert:

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Disposisjonsfond
- Rente- og avdragsbelastning.

Fylkesrådmannen sa i FT-sak 31/18 Økonomiplan 2019-2022 at dei etablerte måltala reflekterer fylkeskommunen sin økonomi, og tilrådde at desse måltala vert vidareført i komande budsjett/økonomiplanar. Fylkestinget hadde ingen merknadar til dette.

Dei finansielle måltala, som er presentert i kapittel 3.3 i vedlegg 2 viser utviklinga i perioden 2010-2022. Som referanse til våre måltal vart det lagt til grunn ulike normtal. Normtala seier noko om kva nivå måltala bør ligge på for å vere på eit «sunt» nivå. Normtala er utvikla av bl.a. KMD, Riksrevisjonen og Telemarkforskning.

Budsjett- og økonomiplanarbeidet 2019-2022 har hatt hovudfokus på 2019, då vi frå 2020 vert del av ein ny fylkeskommune. Dei økonomiske måltala frå 2020 er difor eit bilete på korleis «vår» økonomi ville ha utvikla seg dersom vi skulle fortsette som eigen fylkeskommune.

Dei finansielle måltala syner at Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt ein god økonomisk utvikling fram til og med rekneskapen for 2017. Men frå budsjett 2018 og vidare inn i økonomiplanperioden 2019-2022 har det snudd til ei negativ økonomisk utvikling.

Hovudårsaken til endringa er den sterke auken i investeringane i planperioden. Som ein konsekvens av dette aukar lånegjelda mykje, både i nominelle kroner og sett i høve drifts-inntektene. Lånegjelda aukar frå om lag 2,3 mrd. kr pr 31.12.18 til 3,9 mrd. kr pr 31.12.22. Lånegjeld sett i høve driftsinntektene viser ein auke frå 79% i 2017 til 125% i 2022, noko som er godt over tilrådd maksimalnivå på 75%.

Den auka lånegjelda fører til at rente- og avdragsbelastninga i budsjettet aukar monaleg. Som ein følgje av dette har netto driftsresultat no snudd til å vera negative og er synkande utover i planperioden, og særleg etter 2019. Negative netto driftsresultat er ikkje økonomisk bærande over tid. Det er heilt avgjerande for handlingsrommet i ein fylkeskommune å – over tid - ha eit positivt netto driftsresultat.

I økonomiplanperioden har vi saldert budsjettet ved å nytte oppsparte fondsmidlar frå tidlegare år. Økonomiplanåret 2022 er f.eks. saldert ved å nytte 113 mill. kr av fondsmidlane. Slik fylkesrådmannen vurderer det er disponible oppsparte fondsmidlar «brukt opp» i økonomiplanperioden, slik at det er ubalanse frå 2023. Det er også slik at budsjetterte investeringsprosjekt i økonomiplanperioden krev vesentlege løyvingar/nye låneopptak også frå 2023.

Fylkesrådmannen meiner likevel det er viktig å minne om at vi går inn i Vestland fylkeskommune med svært god økonomi, både i høve landsgjennomsnittet og i høve Hordaland fylkeskommune. I budsjettsamanlikningssaka til Fellesnemnda og departementet i vår, vart det lagt fram ei oversikt frå KS basert på rekneskapen for 2016. Denne tabellen, oppdatert i tråd med sist avlagte rekneskap 2017, stadfestar dette bildet:

	Sum alle nøkkeltal	Samlet vurdering av øk. handlefrihet	Gjeld			Disp.fond			Netto driftsres.		
			under 60 pst	60-90 pst	90 pst og over	10 pst el mer	5-10 pst	under 5 pst	5 pst el mer	3-5 pst	under 3 pst
Østfold	4	God	1			1				2	
Akershus	4	God	1			1				2	
Hedmark	3	God	1			1			1		
Oppland	5	Moderat	1			1					3
Buskerud	7	Moderat		2			2				3
Vestfold	6	Moderat		2		1					3
Telemark	5	Moderat		2		1				2	
Aust-Agder	5	Moderat		2		1				2	
Vest-Agder	4	God	1				2		1		
Rogaland	6	Moderat			3	1				2	
Hordaland	9	Begrenset			3			3			3
Sogn og Fjordane	3	God	1			1			1		
Møre og Romsdal	7	Moderat		2			2				3
Sør-Trøndelag	6	Moderat			3	1				2	
Nord-Trøndelag	7	Moderat		2			2				3
Nordland	4	God	1			1				2	
Troms	5	Moderat	1				2			2	
Finnmark	8	Begrenset		2				3			3

Den gode økonomien skriv seg m.a. frå at vi har hatt fokus på å få ned kapitalutgifter/lånegjeld. Dette har igjen resultert i svært lågt investeringsnivå i fylkeskommunal regi dei seinare åra. Dette forsvarar at vi no satsar offensivt på investeringar, sjølv om dette modererer vår «score» på desse indikatorane.

#### 4. ANDRE SAKER

Fylkesrådmannen har gjort nokre mindre justeringar i samband med si detaljbudsjettering knytt til administrasjon. Justeringane har ikkje innverknad på dei prioriteringane som ligg til grunn frå finansutvalet.

Fylkesrådmannen har også gjort to endringar knytt til skredsikringsprosjekt slik:

- Prosjektet Fv. 55 Kjenes har endra namn til Fv.55 Bru over Esefjorden
- Løyvinga til prosjektet Fv. 53 Ljoteli har ei annan årsfordeling enn det vi tidlegare har presentert. Årsfordelinga er no i samsvar med siste prognose frå Statens vegvesen. Tilhøyrande finansiering, mva-kompensasjon og statleg tilskot til skredsikring, er også endra. Endringa har ingen økonomisk konsekvens i økonomiplanperioden.

Talgrunnlag og tekstdokument er konsekvensjustert for fylkesrådmannen sine tilrådingar i denne saka, samt FT-saker som vert behandla parallelt med denne saka. Dersom det vert endringar frå tilråding til endeleg vedtak – som får økonomiske konsekvensar - vert endringane innarbeidd i endeleg talmateriale. Tekstdokumentet følgjer som vedlegg 2.

#### Kontrollutvalet (KU) sitt budsjett/økonomiplan

KU utarbeider framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i fylkeskommunen. Dette skal følgje budsjettframlegget til fylkestinget, jf. §18 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. KU handsama i sak 31/18 framlegg til eige budsjett for 2019/økonomiplan 2019/2022. Saksframstillinga og protokoll frå KU-sak 31/18 følgjer som vedlegg 3.